

# Møteprotokoll

**Utval:** Stølsheimen verneområdestyre  
**Møtestad:** Kulturhuset, Voss  
**Dato:** 17.09.2013  
**Tidspunkt:** 11:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjelmeseter	SFFK

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	sekretær

## Andre:

Nils Kvamme    Naturoppsyn, Stølsheimen  
Kristoffer Ullern Hansen                          Statens Naturoppsyn

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 27/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 28/13	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 29/13	Stølsheimen landskapsvernområde - klage på vedtak om dispensasjon frå verneforskrifta - Trolleholselva kraftverk		2013/1592
DS 3/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter i samband med kartlegging og overvåking av fjellområde i Stølsheimen		2013/2674
DS 4/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til motorisert ferdsel i samband med vedlikehald av Statnett sin ledning i Stølsheimen		2013/1905
DS 5/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Hanekamstølen		2013/2709
DS 6/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Vatnane		2013/2557
DS 7/13	Stølsheimen landskapsvernområde - avslag på søknad om landing med sjøfly på Vatnavatni		2013/2557
DS 8/13	Stølsheimen landskapsvernområde - landingsløyve for helikopter ved Torvedalshytta i Voss kommune - Johs. E. Øvsthus AS		2013/2764
DS 9/13	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter - utbetring av stølsveg til Halsetstølen		2013/3378
RS 4/13	Besøksforvaltning i norske nasjonalparker		2013/3026

Orienteringssaker:

### **Status på arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen.**

Anbjørg Nornes orienterte om innspel og framlegg fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen har kome med til forvaltningsplanen. Forvaltningsplan med framdriftsplan vert tatt opp som sak på neste møte i verneområdestyre.

### **Skjøtselsarbeid i Stølsheimen**

Nils Kvamme og Anbjørg Nornes orienterte om arbeid som er gjennomført i verneområdet i år. Kvamme legg fram oppsummering for året på neste møte i samband med tiltaksplan for 2014 og bestillingsdialogen.

### **Nasjonalparkkonferanse 5. november i Trondheim**

Nornes sender invitasjonen til konferansen til alle styremedlemene.

**Neste møte i Stølsheimen verneområdestyre vert 4. desember på Voss.**

Arkivsaksnr: 2013/1592-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 15.08.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	29/13	17.09.2013

## Stølsheimen landskapsvernomsråde - klage på vedtak om dispensasjon frå verneforskrifta for vassdragsregulering i Breidalselva

### Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram utan innstilling.

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 17.09.2013

#### Handsaming i møte

Styret drøfta saka og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre opprettheld vedtaket slik det føreligg, og viser til vurderingane som er lagt til grunn for vedtaket.

Vedtak frå sak 22/13 i Stølsheimen verneområdestyre:

Stølsheimen verneområdestyre gjev dispensasjon frå verneforskrifta jf. naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, for å kunne realisere ei vassdragsregulering av Breidalselva i Ortnevik. Det omsøkte tiltaket ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur og inntaksdam (jf. kart og illustrasjon). Vassdragsreguleringa medfører små endringar av landskapet. Styret meiner difor at det kan gjevast dispensasjon då tiltaket ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad og at tiltaket såleis ikkje strider mot formålet for vernet.

Småkraft er ei satsing frå grunneigarane i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Denne type vassdragsregulering var ikkje spesielt vurdert på vernetidspunktet. Vilkår for løyvet:

- Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13

- Inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein dersom det vert vurdert som naudsynt for å unngå seinare inngrep og anleggsarbeid i området.
- Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.

Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.

Vedtaket vert sendt til Miljødepartementet for vidare behandling.

## **Vedtak**

Stølsheimen verneområdestyre opprettheld vedtaket slik det føreligg, og viser til vurderingane som er lagt til grunn for vedtaket.

Vedtak frå sak 22/13 i Stølsheimen verneområdestyre:

Stølsheimen verneområdestyre gjev dispensasjon frå verneforskrifta jf. naturmangfaldlova § 48, 1.ledd, for å kunne realisere ei vassdragsregulering av Breidalselva i Ortnevik. Det omsøkte tiltaket ligg i all hovudsak utanfor verneområdet med unntak av deler av demningsmur og inntaksdam (jf. kart og illustrasjon). Vassdragsreguleringa medfører små endringar av landskapet. Styret meiner difor at det kan gjevast dispensasjon då tiltaket ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad og at tiltaket såleis ikkje strider mot formålet for vernet.

Småkraft er ei satsing frå grunneigarane i tråd med Stortinget sin strategi for miljøvenleg energi og nytting av naturressursar på linje med stølsdrift, jakt, reiseliv m.m. Denne type vassdragsregulering var ikkje spesielt vurdert på vernetidspunktet.

Vilkår for løyvet:

- Anlegget skal utførast i tråd med plan utarbeid av Småkraft AS datert 07.06.13
- Inntaksdammen/magasinet skal plastrast med naturstein dersom det vert vurdert som naudsynt for å unngå seinare inngrep og anleggsarbeid i området.
- Arbeidet skal utførast på ein skånsam måte for å unngå inngrep i naturen utover det som er strengt naudsynt.

Området med inntaksdammen skal ryddast opp straks anleggsperioden er avslutta.

## **Saksopplysningar**

- Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta – Trollehonselva kraftverk, Småkraft AS, 04.04.2013
- Saksprotokoll frå Stølsheimen verneområdestyre 15/13
- Tilleggsopplysningar frå Småkraft AS, datert 07.06.13
- Saksprotokoll frå Stølsheimen verneområdestyre 22/13
- Klage frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på løyve til inntak i Breidalselva for Trollehonselva kraftverk, datert 04.07.13
- Innspel frå Småkraft AS, 19.07.13

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen verneområde mars 1998
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Småkraft AS har søkt NVE om konsesjon for å bygge Trolleholselva kraftverk. Området ligg i Ortnevik i Høyanger kommune. Utbyggingsplanane omfattar bygging av inntaksdam i Trolleholselva og Breidalselva på kote 290, med røyrgate ned til kraftstasjonen på kote 155. Røyrgata skal gravast ned. Planlagt inntaksdammen i Trolleholselva med røyrgate og kraftstasjon ligg utanfor Stølsheimen landskapsvernområdet. Planlagt inntak for kraftverket i Breidalselva ligg i grensa til verneområdet, men inntaksdammen vil koma om lag 10 meter inn i verneområdet. Småkraft AS har søkt Stølsheimen verneområdestyre om dispensasjon frå verneforskrifta for bygging av inntaksdam i Breidalselva. Forvaltar la fram saka for verneområdestyret i sak 15/13 med innstilling til avslag etter § 48. Verneområdestyret meinte saka var for dåleg opplyst, og utsette saka til nytt møte. Dei bad om fleire opplysningar om naturinngrepet frå utbyggjar. Saka vart lagt fram i nytt møte med nye opplysningar. Styret gjorde vedtak om å gje dispensasjon frå verneforskrifta til å bygge inntaksdam i Breidalselva i sak 22/13.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har sendt klage på vedtaket frå sak 22/13 i Stølsheimen verneområdestyre, og ber styret gjera om vedtaket. Dersom styret opprettheld vedtaket sitt, ber fylkesmannen Miljøverndepartementet vurdere om det er heimel for vedtaket, og om grunngevinga for vedtaket er mangelfull.

Fylkesmannen meiner det ikkje er heimel i verneforskrifta for å gje løyve til å bygge inntaksdam som ligg delvis inn i landskapsvernområdet. Det er i strid med verneformålet, og det påverkar verneformålet. Fylkesmannen meiner tiltaket berre har lokal verdi, og det difor ikkje kan argumenterast med «vesentleg samfunnsinteresse» etter naturmangfaldlova § 48. Vidare påpeikar Fylkesmannen at området har stor verdi som turområde, og at inngrepet vil ha store negative konsekvensar for friluftslivsinteressene i anleggsfasen og driftsfasen. Fylkesmannen påpeikar at saka er mangelfullt utgreidd ved at det manglar vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Etter Fylkesmannen sendte klage på vedtaket, har Småkraft AS kome med innspel til saka. Brevet ligg som vedlegg til saka.

## **Vurdering**

Saka vert lagt fram for styret utan innstilling frå forvaltar. Styret må ta stilling til om dei vil gjera om vedtaket, eller vil stå fast på vedtaket om dispensasjon frå verneforskrifta (sak 22/13). Dersom styret opprettheld vedtaket, bør styret vurdere vedtaket om dispensasjon etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12. I saksframlegget frå forvaltar til sak 15/13 vurderte forvaltar §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova på fylgjande måte:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen, og gjennom tidlegare undersøkingar i samband med kategori I-prosjekta i Samla Plan. Det er ikkje funn av raudlistearter i dette området jf. naturbase og Artskart (30.04.13). Kunnskapen om landskapet og verneverdiane er bra i området.

§ 9 Føre-var-prinsippet: I verneforskrifta er formålet å ta vare på eit landskap som er lite påverka av tekniske inngrep. Tiltaket er eit inngrep som vil påverka landskapet og naturmiljøet i Breidalselva. Det er usikkert kor store verknadane vil vera, og føre-var-prinsippet er difor tillagt vekt.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Vassdragsutbygging gjev belastning på området. Overføring av vatn frå Tuledalen til Åsebotnen Kraftverk er gjennomført, og det har ført til mindre vassføring i dette vassdraget. Tiltaket vil gje auka samla belastning på området. Sjølv om tiltaket isolert sett i Breidalselva har avgrensa negative konsekvensar for verneverdiane, vil saka ha presedens for tilsvarande saker, og kan på sikt vera med å uthula verneformålet.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Vassdragsutbygginga er ikkje tilrådd, og difor vert dette punktet vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.

§ 12 Miljoforsvarleg teknikkar og driftsmetode: Vassdragsutbygginga er ikkje tilrådd, og difor vert dette punktet vurdert til ikkje og vera relevant for denne saka.